

TIPS OSS / FØLG OSS: Telefon: 70 18 63 80 | E-post: redaksjon@oyblikk.no
oyblikk.no | facebook.com/oyblikk | Instagram: @oyblikk | Twitter: @YBlikk

Toppar i første kvartal

Ferske kvartalstal frå Finn.no viser at det er bransjene «Helse og omsorg», «Barn, skule og undervisning», «Bygg og anlegg», «Butikk og varehandel» og «Olje og gass» som toppar lista over flest publiserte stillingar i Norge i første kvartal 2023. Størst nedgang sidan første kvartal 2022 har bransjen «Bygg og anlegg», med 30 prosent færre publiseringar.

Ny næringsaktør på Vigra:

Ei investering på om lag 85 millionar kroner

Ei tomt på
næringsområdet ved
Vigra flyplass blir den
25. plassen Grimstad-
bedrifa Lagerseksjoner
AS etablerer seg
på. Tysdag blei
overtakingsprotokollen
signert.

TEKST/FOTO:
ANDREAS HESSELBERG
andreas@oyblikk.no

Lagerseksjoner skal bygge fleksible og isolerte lagerseksjonar/lagerrom med ulike storleikar som skal seljast til både bedrifts- og privat-marknaden. Tysdag var ordførar Harry Valderhaug til stades ved overtakinga av tomta som ligg aust for Avis/Budget-bygget og rett sør for Leba.

Seksjonar for alle

Investeringa vil truleg ha ein verdi på rundt 85 millionar kroner, opplyser Einar Kolstad og Petter Bjarnastein frå Lagerseksjoner.

– Alt frå småbedrifter i vekstfasen som har behov for auka lagringsplass til større bedrifter eller private som har behov for lagring, kan kjøpe seg lagerseksjon, forklarar dei.

Bedrifta opererer på 24 andre lokalitetar over heile landet, og allereie er 22 seksjonar på Vigra reservert av dei planlagde 54. Dei anslår ei sysselsetting på rundt 30-40 personar for å ferdigstille prosjektet og håpar på byggestart innan ein månads tid. Tomta som ligg utbyggingsklar er på nesten 12 mål.

– Skal føle seg velkomne

Ordførar Harry Valderhaug er veldig glad for at nye aktørar ser til Giske kommune. Han blei kontakta av Lagerseksjoner AS då dei var ute etter eit nyt område å etablere seg på i Ålesundregionen. Og ordføraren var ikkje sein med å peike på området ved flyplassen.

– Vi som er vertskommune for ein regionflyplass har eit an-



svar for at areala i området blir godt utnytta. Vi tar ikkje berre ansvar for våre eigne areal, som til dømes ved Gjøsundet, men ønsker også å støtte private grunneigarar som ønsker å få til noko nytt. Nye næringsaktørar skal føle seg velkomne, understrekar han.

Ordføraren trur nyetableringa får positive ringverknader.

– Det er viktig både for det som skjer her ved flyplassen, men også det som skjer i Gjøsundet med nye hamnefasilitetar. Vi gler oss til å få fleire aktørar på plass på Gjøsundneset også, seier han.

Godt tilrettelagd

Grunneigar er Sigbjørn Furmyr, og han vektlegg at det i kom-

mune- og reguleringsplanane framleis ligg godt til rette for fleire etableringar i området.

– Det er bygd ut eit omfattande teknisk anlegg her, og det er så å seie byggeklart for enda flere aktørar, seier han.

Fastlagt regulering og etablert infrastruktur har vore viktige nøklar for at Lagerseksjoner ville satse på nettopp Vigra.

– Det har vore ein god prosess både med kommunen og grunneigar, meiner Kolstad og Bjarnastein.

– At ordføraren også stiller opp med god rettleiing på førehand, er veldig kjekt for oss. Samspelet har vore veldig bra, avsluttar dei.

Ordføraren ville gjerne møte opp ved tomta på Vigra då grunneigar og Lagerseksjoner AS signerte overtakingsprotokoll. Frå venstre: Einar Kolstad og Petter Bjarnastein i Lagerseksjoner, grunneigar Sigbjørn Furmyr og ordførar Harry Valderhaug.



Slik kan det bli på tomta. Skisse: Lagerseksjoner AS